



## Statens vegvesen

Lars Ludvig Eidsnes

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
15/209366-6

Dykkar referanse:

Vår dato:  
18.04.2017

### Avslag – Utvida bruk av avkøyrslø – Fv. 393 – Gnr. 215 bnr. 19 – Eidsnes – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 05.01.2017. Vi var også på synfaring 24.03.2017.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå Fv. 393 til Eidsnes gnr. 215 bnr. 19 i Lindås kommune.

#### Grunngjeving:

Statens vegvesen har gjort ei samla vurdering av tilhøva på staden og kome fram til at vi ikkje kan godkjenne ei utvida bruk av avkøyrslø slik det er søkt om. Vi har lagt avgjerande vekt på omsynet til trafikktryggleiken. Avkøyrslø tilfredsstillar ikkje tekniske krav til utforming.

#### Bakgrunnen for vedtaket

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø etter veglova på gnr. 215 bnr. 19 i Lindås kommune. Søknaden kjem i samband med rehabilitering av ein eldre bustad, der det no er ynskje om å leggje til rette for ein utleigedel.

Avkøyrslø ligg på sørsida av fv. 393, på Ytre Eidsnes i Lindås kommune. Fylkesvegen er smal og svingete på gjeldande strekning, og har berre ei køyrebane. Det er ikkje tilrettelagt tilbod for gåande og syklende. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 300. Strekinga er klassifisert til haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkøyrslø og byggjeregrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*.

#### Nullvisjon:

Statens vegvesen har som mål å planlegge, leggje til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*Kommunen sin arealplan:*

Området er avsett til *landbruk,- natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket er i strid med arealplanen.

*Tiltakshavar sin merknad i saka:*

Søknaden er grunngeve med at det er ynskje å legge til rette for ein utleigedel i bustadhuset.

*Vegvesenet si vurdering av saka:*

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det ut over tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktrygging / trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkøyrslø frå.

I *Rammeplanen* er fylkesvegen klassifisert til haldningsklasse 4. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg og at godkjenning av avkøyrslø kan normalt verte gjeve under føresetnad at dei tekniske krava vert innfridd.

I 2014 vart det søkt om utbetring av same avkøyrslø, og det var gjeve løyve til bruk av avkøyrslø i brev av 21.10.2015. Vi har i dette løyve gått ned på dei krav vi normalt stiller til teknisk utforming av avkøyrslø, mellom anna kravet til svingradius. Vi har i løyvet også spesifisert at løyvet berre gjaldt for ei buening.

Då vi gav løyve til avkøyrslø i 2015 vurderte vi at det ikkje var mogleg å oppnå svingradius på 4 meter, som er kravet vi normalt setter til avkøyrslø. Grunnen til dette er mellom anna plassering av bustadhuset på tomta. Vi reduserte difor kravet frå 4 meter til 3 meter. Vi aksepterte også at svingradiusen berre skulle følgje 90° inn i avkøyrslø, mot vanleg 180°. Retning venstre i avkøyrslø er det ikkje svingradius, men det er bygd opp ein betongkant som er vinkla 90° på køyrebana.



Godkjent avkøyrslø 2015, retning høgre.



Ortofoto. Svingradius 3m retning høgre i avkøyrslø er markert.

Vi observerte på synfaring at kanten som skal markere svingradius var endra i høve til løyvet vi gav i 2015. Svingradiusen er såleis endå mindre enn kravet vi sette på 3 meter. Vi meiner at dette også har medført at breidda i avkøyrslø er vesentleg breiare enn kravet vi satt i 2015.



### **Avkøyrsla 2017.**

Svingradius skal sørge for at ein har rett vinkling på køyrebana når ein skal inn og ut på vegen. Dette medfører at ein har tilstrekkeleg sikt når ein skal ut på vegen. Breidda i avkøyrsla skal redusere fart inn og ut av avkøyrsla. Når avkøyrsla ikkje har rett teknisk utforming vert sikta redusert, fart inn og ut av avkøyrsla aukar, og trafikkfarlege situasjonar kan oppstå.

Det er mange element som skal vurderast i ein avkøyrsløsøknad. Vurderingstema er mellom anna omsynet til trafikktryggleiken, strekningsvise vurderingar, lokalisering til anna busetnad og andre sentrumsfunksjonar. Ofte vil det vere motstrid mellom anna ynskje til etablering og omsynet til t.d. trafikktryggleiken. Etter ei samla vurdering har vi kome fram til at vi ikkje kan godkjenne utvida bruk av avkøyrsla som omsøkt.

### **Retten til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger / [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ